



# STRYN KOMMUNE

## Bustadtilskot til tilpassing av bustad

Stryn kommune sine retningslinjer for tildeling

### 1 Formål

Tilskotet skal bidra til at personar med behov for tilpassa bustad, kan finansiere nødvendig tilpassing av bustaden. I tillegg skal tilskotet medverke til auka tal bustader som har god tilpassing for personar med nedsett funksjonsevne.

### 2 Kven kan få tilskot

Tildeling av tilskot vil vere avhengig av om det er disponible kommunale midlar tilgjengeleg.

Tilskot kan tildelast til enkeltpersonar med nedsett funksjonsevne og til eldre som ønskjer å tilpasse bustaden sin, slik at dei framleis kan bu heime ved framtidig nedsett funksjonsevne. Tildeling vert gjort etter ei økonomisk behovsprøving og tilpassinga må vere hensiktsmessig. Det vert lagt vekt på husstanden sin samla situasjon og økonomi og om den vanskelege situasjonen er av varig karakter.

Prioriteringar:

1. Familiar med funksjonshemma barn, føreliggjande behov og svak økonomi
2. Husstandar med føreliggjande behov og svak økonomi
3. Familiar med funksjonshemma barn, føreliggjande behov og normal god økonomi
4. Husstandar med føreliggjande behov og normal god økonomi
5. Husstandar som ønskjer å tilrettelegge for framtidig behov

Bustadtilskot vert normalt berre tildelt ein gong.

### 3 Kva får ein tilskot til

Tilskotet kan nyttast til tilpassing av bustad slik at ein kan bu heime/bu heime lenger.

Øvre grense for tilskot er normalt kr 40 000,-.

#### **4 Søknad og saksgang**

Søknad om tilskot til tilpassing skal sendast Stryn kommune. Økonomiske opplysningar skal leggast ved søknaden, saman med ev legeerklæring og/eller sosialrapport, kostnadsoverslag og ergoterapeut si vurdering/tilråding av vald løysing.

#### **5 Tryggleik for tilskotet**

Tilskot større enn kr 40 000,- vert å sikre ved tinglyst pant.

#### **6 Utbetaling**

Tilskotet kan utbetalast når tilfredstillande sikkerheit er etablert (tilskot over kr 40 000,-), prosjektet er fedigstilt og søkjar har dokumentert av kostnadane er påløpt og fakturert.

#### **7 Krav om tilbakebetaling**

Tildelt tilskot over kr 40 000,- kan krevast tilbakebetalt heilt eller delvis, eller bli omgjort til lån, dersom bustaden vert overdregen eller nytta til anna husstand/formål enn føresetnaden. Avskrivningstida er 10 år.

I særlege tilfelle, for eksempel ved sal av bustad som fører til tap, kan kravet om tilbakebetaling av tilskot fråfallast.

#### **8 Klagerett**

Det er klagerett på vedtak om tilskot til tilpassing av bustad jf. Forvaltningslova. I klagen skal det gjerast greie for kva det vert klaga på og kva endring ein ønskjer. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. Dersom det ikkje vert gjeve medhald i klaga, vert den å sende til vidare klagehandsaming i kommunen.